

Saksbehandlar: Lisa Marie Hillestad Ålsberg, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 18/7397-2

## Tertialrapport 2/2018

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slik tilråding:**  
**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**  
**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

### A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2018

- 1 Statlege overføringar vert auke med 31,388 mill. kr. Avsetjing til disposisjonsfond vert auka tilsvarande.
- 2 Lokale inntekter vert auka med 6,000 mill. kr.
- 3 Bruk av bundne fond vert auka med 1,217 mill. kr.
- 4 Driftsmidlar overført til investering vert auka med 0,600 mill. kr
- 5 *Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst vert redusert med 25,288 mill. kr. Sektorbudsjetta vert auka med 18,272 mill. kr i tråd med vedlegg 2. Avsetjing til disposisjonsfond vert auka med 7,016 mill. kr*
- 6 Sektorbudsjettet til politisk styring, plan og forvaltning vert auka med 5,770 mill. kr med slik fordeling:
  - Teneste 4210 Bygg- og eigedomsforvaltning vert auka med 1,270 mill. kr.*
  - Teneste 4606 Diverse tilskot samferdsle vert auka med 3,500 mill. kr*
  - Teneste 4800 Juridisk honorar vert auka med 1,000 mill. kr*
- 7 Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 4,377 mill. kr med slik fordeling:
  - Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 2,990 mill. kr*
  - Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg vert auka med 0,570 mill. kr*
  - Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert redusert med 3,430 mill. kr*
  - Teneste 5151 Fellesutgifter vert auka med 2,100 mill. kr*
  - Teneste 5152 Eleveksamen vert auka med 0,600 mill. kr*
  - Teneste 5200 Pedagogisk leiing mv vert auka med 1,330 mill. kr*
  - Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 4,100 mill. kr*
  - Teneste 5540 Fagskuleutdanning vert redusert med 0,150 mill. kr*
  - Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 2,500 mill. kr*
  - Teneste 5901 Privatisteksamen vert redusert med 0,600 mill. kr*
  - Teneste 5903 Karrierettleiing vert redusert med 0,207 mill. kr*
- 8 Innanfor sektorbudsjettet til samferdsle vert det gjort følgjande omdisponeringar:
  - Teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald vert redusert med 1,700 mill. kr*
  - Teneste 7300 Buss – kjøp av tenester vert auka med 4,500 mill. kr*
  - Teneste 7303 Ungdomstilbod vert redusert med 0,700 mill. kr*
  - Teneste 7306 Diverse kollektiv vert redusert med 1,900 mill. kr*
  - Teneste 7310 Fylkesvegferjer vert auka med 1,700 mill. kr*
  - Teneste 7331 Tilrettelagt transport vert redusert med 1,900 mill. kr*

- 9 Tilbakeførte midlar frå Innovasjon Norge på 1,440 mill. kr vert inntektsført på sektoren næring og kultur. Midlane vert avsett på disposisjonsfond og nytta til breibandsatsing i 2019.
- 10 Teneste 7750 Idrett vert redusert med 16,000 mill. kr. Avsetting til disposisjonsfond vert auka tilsvarande.
- 11 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved avsetjing til bufferfondet med 5,224 mill. kr

#### **B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2018**

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 3.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesveggar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 4.
- 3 Inntekter frå sal av aksjar vert auka med 0,135 mill. kr. Inntekta vert avsett til kapitalfondet.

#### **C. Andre områder**

- 1 Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 5 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 6 vert teken til vitande.

#### **Vedlegg:**

1. Økonomiske endringar i driftsbudsjettet som følgje av T2/18.
2. Fordeling av lønsoppgjera i 2018
3. Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan.
4. Investeringsprogrammet for fylkesveggar med tilhøyrande finansieringsplan.
5. Rapportering på finans- og gjeldsforvaltninga.
6. Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga.

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. ØKONOMISK STATUS**

Tertialrapporten syner eit mindreforbruk på om lag 5,2 mill. kr. Mindreforbruket, som er tilrådd saldert ved avsetjing til bufferfondet, er på nivå med auken i konsesjonskraftinntektene. Vidare er det tilrådd store avsettingar til disposisjonsfond på til saman 55,8 mill. kr. Desse midlane er «øyremerka» nytt opplæringsfartøy, breibandsatsing, idrettsanlegg og regionreform. Alle tilrådde endringar i driftsbudsjettet er vist i tabell i vedlegg 1.

Investeringsprogram for bygg legg opp til ein samla reduksjon på 55,149 mill. kr. Reduksjonen er i hovudsak knytt til tidsforskyving.

Investeringsprogram for fylkesveg vert samla redusert med 8,7 mill. kr, der budsjettet til skredsikring vert auka med 1,2 mill. kr og budsjettet til ordinære veginvesteringar vert redusert med 9,9 mill. kr.

### **2. DRIFTSBUDSJETTET**

#### **2.1 Fylkesskatt og statlege overføringar**

##### Fylkesskatt

I revidert nasjonalbudsjett for 2018 (RNB) blei skatteanslaget sett ned frå 2,7 % til 2,3%. Nedjusteringa har grunnlag i lægre lønnsvekst enn berekna for 2018.

Skatteinngangen for fylkeskommunane samla ved utgangen av juli er 3,4 %. Med bakgrunn i ein redusert lønsvekst i 2018 er det grunnlag for å vente ein lægre vekst i andre halvår. Vårt anslag for 2018 bygger på ein vekst på 2,7 %.

Vert den samla auken i skatteinngangen for fylkeskommunane 2,3%, vil dette gje ein reduksjon for vår del på om lag 2,3 mill. kr i høve budsjettet. Ved ein samla auke i skatteinngangen på 3,4 % vil det gje ein auke for oss på om lag 5 mill. kr.

Då det er uvisse kring kva den samla skatteinngangen for fylkeskommunane i 2018 vert, rår fylkesrådmannen til at vi ikkje endrar skatteanslaget for 2018 no.

#### Havbruksfondet

Havbruksfondet vart oppretta i 2016 og er administrert av Fiskeridirektoratet. I pressemelding, datert 10.09.2018, vert det opplyst at vår fylkeskommune får utbetalt om lag 31,4 mill. kr frå fondet i 2018. Det er ingen bindingar frå staten på korleis fylkeskommunen skal bruke desse inntektene. Dette er altså frie inntekter. I fylkeskommunen følgjer vi det prinsipp at disponeringa av denne type frie midlar ikkje skal bli styrt av kvar i fylket verdiane vert skapte. Jf. til dømes kraftinntektene våre (utbytte og konsesjonskraft) og korleis vi forvaltar desse.

Fylkesrådmannen tilrår at nemnde utbetaling frå Havbruksfondet for 2018 vert sett av på disposisjonsfond og førebels øyremerka kjøp og drift av nytt opplæringsfartøy.

## **2.2 Lokale inntekter/konsesjonskraft**

Oppdatert prognose 2018 byggjer på prisar og volum pr. 03.09.2018. Den gjev oss grunnlag for å auke budsjetterte konsesjonskraftinntekter med 6 mill. kr, til 56 mill. kr. Årsaka til auken er betre prisar på konsesjonskrafta.

## **2.3 Unyttta fondsmidlar**

Det blei løyvd 2 mill.kr til arbeid med strategisk plan for kysten i Tertialrapport 1/16. Arbeidet er no fullført og har kosta mindre enn førespegla. Unyttta midlar på 1,2 mill.kr vert difor frigjorde.

## **2.4 Driftsmidlar til investering**

Driftsmidlar til investering vert auka med 0,6 mill. kr, jf. omtale i pkt. 3.1.

## **2.5 Politisk styring, plan og forvaltning**

### Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst

Lønnsoppgjera for 2018 er avslutta. Det er kompensert etter sentrale tillegg i kapittel 4 og lokale forhandlingar/tillegg i kapittel 3 og 5. Kompensasjonen utgjer samla 18,272 mill. kr, og er fordelt på sektorane i samsvar med vedlegg 2.

Kompensasjonen for årets lønsoppgjer er 7,016 mill. kr lægre enn den avsettinga vi har til dette føremålet.

Fylkesrådmannen har tidlegare varsla at samanslåingsprosessen med Hordaland vil medføre auka kostnader på administrativ side. I FT-sak 31/18, økonomiplan 2019-2022, vart det lagt inn ei ekstra løyving på 4,2 mill. kr til dette. Det er framleis stor uvisse kring kor mykje ekstra ressursar det vil vere behov for. Fylkesrådmannen tilrår difor at mindreforbruket på årets lønsoppgjer vert avsett til å dekke ekstra kostnader knytt til regionreforma i 2019.

### Teneste 4210 Bygg- og eigedomsforvaltning

Tenesta vert auka med 1,270 mill. kr årleg frå 2018 for å tilpasse budsjettet etter Kostra, jf. omtale under pkt. 2.6.

### Teneste 4606 Diverse tilskot samferdsle

I sak «Søknad om midlar til ferjelem på Skorpa i Flora kommune», som går parallelt med denne saka, tilrår fylkesrådmannen å løyve 3,5 mill. kr i tilskot til Flora kommune. For å finansiere

løyvinga vert det vist til denne tertialrapporten. Fylkesrådmannen tilrår her å auke tenesta med 3,5 mill. kr til dette føremålet.

#### Teneste 4800 Juridisk honorar

Tenesta har ei løyving i 2018 på 4,4 mill. kr. Av dette skal 2 mill. kr dekke ekstra kostnader i samband med SFE-prosessen.

Per 2. tertial er det venta at fylkeskommunen vil bruke om lag 4 mill. kr på SFE-prosessen i 2018 og 1 mill. kr til andre saker. For å dekke kostnadane i samband med SFE-prosessen vert 1 mill. kr av den ordinære løyvinga til juridisk honorar øyremerka SFE-prosessen. I tillegg tilrår fylkesrådmannen til å auke tenesta med 1 mill. kr til same føremål.

Samla er det då løyvd 4 mill. kr til SFE-prosessen i 2018.

## **2.6 Opplæring**

#### Teneste 5100 Utgifter til lokale

Som følge av omstillingsarbeidet knytt til SFJ2019 er det utarbeidd nye reinhaldsplanar på dei vidaregåande skulane. Dette har ført til at løyvinga på teneste 5100 kan reduserast med 2,9 mill. kr årleg. Verknaden for 2018 (hausteffekt) vert 1,3 mill. kr.

#### Tenestene 5152 Eleveksamen

Årsprognosen for 2018 tyder på eit meirforbruk i høve løyvinga til eleveksamen på om lag 0,6 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår at budsjettet for teneste 5152 Eleveksamen frå 2018 vert styrka med 0,6 mill. kr årleg.

#### Teneste 5210 Utdanningsprogramma

Ei samla vurdering av løyvinga til dei vidaregåande skulane syner eit mindreforbruk i høve budsjettet. Mindreforbruket skuldast mellom anna at tilbodet til dei med rett til påbygging etter fagbrev er løyst som ein del av opplæringstilbodet. Fylkesrådmannen tilrår at tenesta vert redusert med 4,1 mill. kr i 2018.

#### Teneste 5701 Opplæring i bedrift

Årsprognosen for tenesta i 2018 tyder på eit meirforbruk i høve budsjettet pga. auke i tal lærekontraktar. Fylkesrådmannen tilrår at løyvinga på tenesta vert auka med 2,5 mill.kr årleg frå 2018.

#### Tenestene 5901 Privatisteksamen

Årsprognosen for 2018 tyder på eit mindreforbruk på privatisteksamen i høve budsjettet. Fylkesrådmannen tilrår at budsjettet for tenesta vert redusert årleg med 0,6 mill. kr frå 2018.

#### Teneste 5903 Karriererettleiing

I samband med SFJ 2019 vart det lagt til grunn at karriererettleiing skulle finansierast innanfor ramma av det statlege tilskotet og eventuelle bidrag frå partnerskapen. Det ligg framleis att eit restbeløp av fylkeskommunale budsjettmidlar på tenesta, om lag 0,2 mill. kr, som ikkje har vore disponert. Fylkesrådmannen tilrår at tenesta vert redusert tilsvarande.

#### *Tekniske justeringar*

Som tilpassing til Kostra tilrår fylkesrådmannen at løyvinga til eigedomsskatt og kommunale avgifter frå hausten 2018, som ei varig ordning, vert overført frå dei vidaregåande skulane til bygge- og eigedomstenesta. Dette gjev følgjande tekniske justeringar i budsjettet:

Teneste	2018	2019
4210 Bygg- og eigedomsforvaltning	1,270	2,790
5100 Utgifter til lokale	-1,690	-3,710
5101 Vedlikehald og drift av skulebygg	0,420	0,920

Etter omorganiseringa av driftsteknikartenesta frå 1.1.2015 er ikkje det fylkeskommunale tilskotet til Fagskulen i Sogn og Fjordane tilpassa. Dette gjev følgjande teknisk justering av budsjettet:

Teneste	2018	2019
5101 Vedlikehald og drift av skulebygg	0,150	0,150
5540 Fagskuleutdanning	-0,150	-0,150

Endringa har ikkje konsekvensar for drifta av fagskulen.

Organisering av IKT-drifta for dei vidaregåande skulane i ei felles driftseining (tidl. IKT-pilot-prosjekt) er frå hausten 2018 vidareført som varig ordning. Dette gir følgjande budsjettendringar:

Teneste	2018	2019
5150 Forvaltning og fellesutgifter	-3,430	-7,550
5151 Fellesutgifter	2,100	4,620
5200 Pedagogisk leing mv	1,330	2,930

## 2.7 Samferdsle

### Teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald

Fylkesrådmannen tilrår at tenesta vert redusert med 1,7 mill. kr for å dekke meirforbruk på ferjedrifta, jf. omtale under.

### Teneste 7300 Buss – Kjøp av teneste

Årsprognosen syner eit meirforbruk på kjøp av busstenester på 4,5 mill. kr. Dette skuldast justeringar av produksjonen i samband med skulestart og regulering av busskontrakt i Sogn pr. 1.7.2018.

### Teneste 7303 Ungdomstilbod

Det er eit mindreforbruk på 0,7 mill. kr knytt til Lokale transporttiltak for ungdom (LTU). Dette skuldast at kommunane har hatt unytta midlar frå tidlegare tildelingar.

### Teneste 7306 Diverse kollektiv

Samla mindreforbruk på 1,9 mill. kr er i hovudsak knytt til marknadsføring og informasjon. I budsjettet for 2018 var det lagt opp til ei satsing på dette området. På grunn av vakansar har aktiviteten vore mindre enn planlagt.

### Teneste 7310 Fylkesvegferjer

Prognosen syner eit meirforbruk på 1,7 mill. kr. Dette er i hovudsak knytt til at endringar i kostnadsindeksar i kontraktane.

### Teneste 7331 Tilrettelagt transport

I september 2018 vart det starta opp nye ruter i Hornindal, Stryn, Fjaler, Bremanger, Høyanger, Vik, Årdal og Lærdal. Dei nye rutene gir oss eit mindreforbruk på 1,4 mill. kr. I tillegg er det eit mindreforbruk på 0,5 mill. kr på dei eksisterande serviceskyssrutene.

### Oppsummert

Samla sett vert meirforbruket på teneste 7300 og 7310 løyst ved å omprioritere midlar frå dei andre tenestene. Tabellen under syner omprioriteringane som vert gjort i budsjettet for 2018.

Teneste	2018
7222 Fylkesvegar - drift og vedlikehald	-1,700
7300 Buss - kjøp av teneste	4,500
7303 Ungdomstilbod	-0,700
7306 Diverse kollektiv	-1,900
7310 Fylkesvegferjer	1,700
7331 Tilrettelagt transport	-1,900
Sum	0,000

## 2.8 Næring og kultur

### Teneste 7019 Andre næringsområde

Fylkeskommunen tildeler Innovasjon Norge midlar som m.a. vert nytta som tilskot og lån til næringslivet i fylket. Delar av desse midlane vert avsett på eit sentralt tapsfond for å dekke ev. tap i samband med utlåna. Når det er tilstrekkeleg med midlar på tapsfondet, vert overskytande tilbakeført. I 2018 er det tilbakeført om lag 1,4 mill. kr til fylkeskommunen.

I tråd med tidlegare praksis vert denne tilbakeføringa inntektsført på sektoren næring og kultur. Fylkesrådmannen tilrår at inntekta vert avsett på disposisjonsfond i 2018, og nytta til breiband-satsing i 2019. Dette får såleis ingen salderingsmessige konsekvensar.

#### Teneste 7750 Idrett

Fylkestinget løyvde 16 mill. kr i tilskot til idrettsanlegg i Tertialrapport 1/18. I FU-sak 76/18 «Vilkår for fylkeskommunal støtte til idrettsanlegg» er det ulike vilkår som må tilfredstillast for utbetaling av løyvinga. Ingen av prosjekta er kome så lang at vilkåra for utbetaling er oppfylt. Fylkesrådmannen tilrår difor at midlane, i påvente av at vilkåra vert stetta, vert sett av på disposisjonsfond.

### **3. KAPITALBUDSJETTET**

#### **3.1 Investeringsprogrammet for bygg**

I denne tertialrapporten legg fylkesrådmannen opp til ein samla reduksjon i investeringsprogram bygg på om lag 55 mill. kr. Reduksjonen er i hovudsak knytt til tidsforskyving. Fylkesrådmannen føreset at reduserte løyvingar som følgje av tidsforskyvingar vert løyvd opp att i investeringsprogrammet i budsjett 2019/økonomiplan 2019-22.

Detaljert investerings- og finansieringsprogram for bygg følgjer som vedlegg 3.

Endringar som ikkje gjeld tidsforskyvingar er omtala under.

#### EK001 Eigenkapitalinnskot KLP

Det er budsjettert med 2 mill. kr årleg til eigenkapitalinnskot i Kommunal Landspensjonskasse (KLP). Innskotet vert definert som eit aksjekjøp. I 2018 er eigenkapitalinnskotet 0,6 mill. kr høgare enn budsjettert, og fylkesrådmannen tilrår at løyvinga vert auka tilsvarande. Løyvinga vert finansiert av driftsmidlar til investering.

#### IT200 Digitale klasserom

FT vedtok i sak 59/17 «Budsjett 2018/ økonomiplan 2018-2021» ei investeringsramme på 13 mill. kr til å forbetre klasseromma ved dei vidaregåande skulane til ønska digital standard. Dette som ein del av arbeidet med å oppretthalde og vidareutvikle kvaliteten på den vidaregåande opplæringa i fylket. Fylkesrådmannen legg til grunn at 7,5 mill. kr av denne ramma vert nytta i 2018.

Fylkesrådmannen tilrår at 6 mill. kr av løyvinga vert finansierast innanfor opplæringssektoren, ved å nytte akkumulert resultat frå tidlegare år knytt til skuledrift. Desse fondsmidlane er lagt inn som finansiering i 2018. I tillegg vert løyvinga finansiert med mva-kompensasjon.

#### **3.2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar**

Fylkesrådmannen tilrår ein reduksjon i investeringsbudsjettet i 2018 på 8,7 mill. kr, frå 307,8 mill. kr til 299,1 mill. kr.

Endringar som skuldast forskyving mellom år vert følgt opp med tilsvarande budsjettendring i 2019. I det følgjande vert dei største endringane omtala:

##### *Store prosjekt:*

- Fv. 698 Blaksettunnelen vert redusert med 2,9 mill. kr då bygging av møteplassar låg inne både i dette prosjektet og i tiltak under mindre utbetringar.

##### *Førdepakken:*

- Førdepakken vert redusert med 4 mill. kr grunna forseinkingar.

##### *Mindre utbetringar:*

- Nokre prosjekt vert avslutta med 2 mill. kr i samla mindreforbruk. Midlane vert overført til posten for grunnverv m.m. for avslutta prosjekt.

##### *Gang og sykkelvegar:*

- Fv. 614 Breivika – Svelgen vert redusert med 4 mill. kr. Dette skuldast forseinkingar pga. behov for ny reguleringsplan. Midlane vert løyvd opp att i 2019.

##### *Planlegging og prosjektering:*

- Løyvinga vert auka med 1 mill. kr knytt til oppstart av arbeid med reguleringsplan for Atløysambandet. Dette er finansiert med forskottering frå Askvoll kommune i 2018.

#### Skredsikring:

Budsjett til skredsikring vert auka med 1,2 mill. kr. Dei største endringane er følgjande prosjekt:

- Fv. 50 Vassbygdvatnet i Aurland vert auka med 2,5 mill. kr grunna høgare prisar og auka mengde i kontrakten.
- Fv. 57 Strand i Fjaler vert redusert med 3,5 mill. kr grunna rimelegare arbeid enn venta.
- Fv. 633 Tunnel Kleiva vert redusert med 14,6 mill. kr grunna mindre produksjon enn forventa i 2018. Det vil bli noko sluttarbeid våren 2019.
- Fv. 722 Flovegen vert redusert med 3,5 mill. kr grunna forskyvingar. Midlande vert overført til 2019.
- Mindre skredsikringstiltak  
Det er nytta om lag 21 mill. kr til skredsikringstiltak som no vert omklassifisert frå driftstiltak til investeringstiltak. Tiltaka omfattar sikringsnett ved fv. 53 Finnsåstunnen vest (7,2 mill. kr), isnett ved fv. 60 ved Visens i Stryn (5,2 mill. kr) og rasvoll og fanggjerdje ved fv. 610 Matbjøra (8,6 mill. kr).
- Grunnerverv for avslutta prosjekt vert redusert med 3,4 mill. kr. Midlane vert overført til 2019 grunna forskyvingar.

Detaljert investering- og finansieringsprogram for fylkesveggar følgjer som vedlegg 4.

### 3.3 Sal av aksjar

Fylkesutvalet vedtok i sak 24/17 sal av fylkeskommunen sine aksjar i Interoperabilitetstenester AS. Salet er no gjennomført og har gitt oss ei salsinntekt på 0,135 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår difor at vi aukar budsjetterte salsinntekter med 0,135 mill. kr. I tråd med vedtaket i FU vert salsinntekta tilført kapitalfondet.

## **4. RAPPORTERING PÅ FINANSPORTEFØLJEN OG KONSESJONSKRAFT**

Rapportering på finansporteføljen per 2. tertial vert lagt fram for fylkestinget som ein del av tertialrapport 2/18. Rapporten følgjer som vedlegg 5.

Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga per 2. tertial vert lagt fram for fylkestinget som ein del av tertialrapport 2/18. Rapporten følgjer som vedlegg 6.